
Fra: Kari Patricia Kleppe <Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no>
Sendt: 29. juni 2015 12:02
Til: Kommunane i Hordaland - Alle
Emne: Midlar til unike regionale utviklingsprosjekt.

Til kommunane i Hordaland

Midlar til unike regionale utviklingsprosjekt

(Ordning erstattar tidlegare «konesjonskraftmidlar»)

Midlar for 2015 og 2016 blir lyst ut saman og utgjer om lag 10,5 mill. kr forutsatt uendra ramme i 2016.

Føremål

Midlane skal gå til regionalke utviklingsprosjekt der målet er å skape noko unikt for heile eller delar av fylket.

Det er ein føresetnad at prosjekta medverkar til å skape gode, attraktive og konkurransedyktige samfunn lokalt som regionalt.

Fylkeskommunen ønskjer saman med kommunane, næringslivet og andre utviklingsaktørar, å bidra til positiv regional utvikling.

Kva kan støttast

Støtta skal gå til investering i lokalt forankra unike utviklingsprosjekt der ein kan skape noko særmerkt som styrkar kommunen og regionen.

Prosjekta bør ha ambisjonar om å verte synlege landemerke i regionen og forvente å ha lokale og regionale ringverknader.

Midlane er primært tiltenkt investeringsformål, har ei utløysande effekt og føreset at prosjekta er relativt godt utvikla og konkretiserte.

Kven kan søkje

Hordaland fylkeskommune inviterer med dette primært kommunane til å søkje om investeringstilskot til unike regionale utviklingsprosjekt.

Organisasjonar og institusjonar kan også fremje søknader, men må dokumentera god lokal forankring og prioritering frå den aktuelle kommunen.

Søknadsfrist

Søknadsfrist: 1. oktober 2015.

Ein tek sikte på handsaming av søknadane i Fylkesutvalet 18.-19. november 2015.

Lenkjer

Ein viser til sentrale utfordringar og mål innafor regional utvikling omhandla i tre sentrale planar og rår søkjarar å gjera seg kjend med og å legge desse

dokumenta til grunn for utviklingsprosjekta.

[Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017](#)

[Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015 \(HNN\)](#)

Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015 – 2026

[Prosjekt der fylkeskommunen har gitt midlar frå ordninga tidlegare](#)

[Lenke til andre fylkeskommunale tilskotsordningar](#)

Søknadsskjema

Søkjara skal søkje elektronisk gjennom tenesta www.Regionalforvaltning.no
(Bruk støtteordning «Midlar til unike regionale utviklingsprosjekt»)

Kontaktperson

For ytterligere informasjon kontakt næringsseksjonen ved Kari Patricia Kleppe, e-post Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no

Meir informasjon om midlane : www.hordaland.no/regionale-utviklingsprosjekt

Kari Patricia Kleppe

Spesialrådgjevar

Regional | næring

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Tlf: 55 23 95 68 | Mob: 409 16 225

www.hordaland.no/naring | www.kom-an.no